

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Hordaland Fylkeskommune

11 NOV 2016

**REVISJONSUTTALE –
HAUS MJELDALEN UNGDOMSHUS LAGERBYGG – ANLEGGSNR 1253 0036 02**

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingane som er avtalt med dykk og lista opp nedanfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 "Avtalte kontrollhandlingar". Handlingane er utført for å gi dykk grunnlag for å vurdera at rekneskapen er rett og at prosjektet er i samsvar med Kulturdepartementets retningslinjer i rundskriv V-0732.

Samla totalsum for anlegget pr. 15.11.2016 er kr 452 324.

Vi har utført følgjande kontrollhandlingar:

- At inntekter og kostnader vedkjem anlegget, medrekna at berre utgifter til element med rett til tiskot inngår som ein del av kostnadene med rett til tilskot
- At oppgitt beløp for mva tilsvrar faktisk betalt mva
- At utgiftene er attesterte og tilviste av personar med dei naudsynte fullmaktene
- At inn- og utbetalingar som vedkjem anlegget, er gjorde frå den kontoen som er oppgjeven for dette føremålet
- At det er eit klart skilje mellom byggjerekneskapen for anlegget og drift
- Av verdien av dugnad, gåver (utanom pengegåver) og rabattar er i samsvar med retningslinene for verdsetjinga av desse postane og i samsvar med budsjettet som er godkjent av fylkeskommunen
- At dersom det er betalt for arbeid eller materialar (ytingar) som i søknaden var oppførte som dugnad, gåver og/eller rabattar, er verdien av ikkje-betalte utgifter i rekneskapen nedjusterte med tilsvarande sum
- At rekneskapsammendraget som vert sendt til fylkeskommunen, er i samsvar med den kontrollerte rekneskapen

Vårt arbeid har ikkje avdekkja vesentlege feil eller avvik.

Då desse kontrollhandlingane verken er revisjon eller avgrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, gir vi ikkje uttrykk for noko sikkerheit for at søknaden ikkje inneheld vesentlege feil.

Dersom vi hadde utført tilleggshandlingar eller hadde gjennomført revisjon eller avgrensa revisjon av regnskapen, kunne andre forhold ha kome til vår kunnskap og blitt rapportert til dykk.

Vår rapport er kun utarbeidd for det formålet som er omtala i første avsnitt i denne rapport og skal ikkje brukast til anna formål. Rapporten er berre meint å skulle distribuerast til Hordaland fylkeskommune og anleggseigar. Distribusjon utover dette må skje i samsvar med reglane i Offentligheitslova.

Isdalstø, 10.11.2016
NORDHORDLAND REVISJON IKS



Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef

Gjenpart: Osterøy Kommune og anleggseigar